

---

Saksnr: 2020/72387-6  
Saksbehandlar: Kjersti Sognnes

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		24.06.2021

**Nærings- og utviklingsfond for utsette område - vedtak om tildeling juni 2021**

Forslag til vedtak

1. Følgjande søkjarar får støtte frå Nærings- og utviklingsfondet:

Søkarar som frå tilskot:	Tilskot, kr
Hyllestad kommune	1 639 000
Peak Property AS	200 000
Næringshagen på Voss	1 200 000
Øygarden næringsutvikling Kf	261 000
Aurland kommune	750 000
Sitep	150 000
Sogn næring AS	800 000

2. Disse søkjarane får avslag: Sognefjorden næringshage, Avisføretaket Ytre Sogn AS, Lavik Kro AS og Sogn kontorsenter AS.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å setje utfyllande vilkår for tildelingane i eigne tilskotsbrev.

Samandrag

Nærings- og utviklingsfond for utsette område vart lyst ut med ei ramme på 5 millionar kroner. Då søknadsfristen var ute 14. mai 2021, hadde det kome inn 11 søknader. Det er stor breidde i prosjekta det blir søkt om, både med omsyn til innhald, kostnadsramme, og kven som står som søkar. 7 prosjekt er vurdert til å vere innanfor retningslinene for tilskotsordninga og det er innstilt på at desse får støtte. 4 prosjekt er vurdert til ikkje å tilfredsstille retningslinene for fondet. Dei får ikkje støtte.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør

Endre Høgalmen  
Seksjonssjef for naturressursar,  
landbruk og reiseliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Vurdering av prosjekt -  
del av saksframstilling
- 2 1. Soknad-2021-0460
- 3 2. Soknad-2021-0473
- 4 3. Soknad-2021-0469
- 5 4. Soknad-2021-0390
- 6 5. Soknad-2021-0449
- 7 6. Soknad-2021-0438
- 8 7. Soknad-2021-0444
- 9 8. Soknad-2021-0478
- 10 9. Soknad-2021-0458
- 11 10. Soknad-2021-  
0466
- 12 11. Soknad-2021-  
0202
- 13 Retningsliner -  
nærings- og  
utviklingsfond

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Retningslinene for fondet

Hovudutval for næring vedtok retningsliner for nærings- og utviklingsfond for utsette område på møte 17. februar 2021. Midlane frå fondet vart lyst ut med søknadsfrist 14. mai 2021, med ei ramme på 5 millionar kroner.

Fondet skal legge til rette for omstilling og utvikling i kommunar og område med utfordringar som har, eller kan føre til langvarige konsekvensar for næringsliv, busetjing og sysselsetjing. Regionråd, kommunar, verksemder og andre kunne søke om støtte frå fondet; saman med andre i målgruppa, åleine eller i samarbeid med fylkeskommunen. Næringssselskap som arbeider på oppdrag frå ein eller fleire kommunar, kunne søkje på vegne av aktørar i målgruppa. Tiltaka som får tilskot, må støtte opp under intensjonen med ordninga som er å styrke næringsgrunnlaget. Midlar frå fondet skal bidra til å etablere nye arbeidsplassar i kommunar som opplever vesentleg reduksjon i sysselsetjinga. Område som har stor arbeidsløyse eller utsikter til stor arbeidsløyse, ein-sidig næringsliv og der enkeltnæringar har stor betydning for sysselsetjinga skal prioriterast ved tildeling, saman med område med stor folketalsnedgang.

#### Vurdering av søknadane

Det har kome inn 11 søknader. Det er stor breidde i prosjekta det blir søkt om, både med omsyn til innhald, kostnadsramme og kven som står som søker. 7 prosjekt er vurdert til å vere innanfor retningslinene for tilskotsordninga. Det er innstilt på at desse får støtte. 4 prosjekt er vurdert til ikkje å tilfredsstille retningslinene for fondet.

Søknadane er vurdert opp mot gjeldande regelverk. Tilskot må mellom anna tildelast i tråd med regelverket om offentleg støtte. Tilskot som vert vurdert som offentleg støtte jamfør EØS-avtalen, blir i hovudsak tildelt som bagatellstøtte.

Oversikt over prosjekta det er søkt om og forslag til innstilling er sett opp i tabellen under. Omtale og vurdering av kvar søknad, ligg som vedlegg 1. Vedlegg 1 er ein del av saksframstillinga.

Nærings- og utviklingsfond for utsette område, informasjon frå søknadane:					Innstilling:
Nr	Prosjektnamn	Prosjekteigar	Budsjett	Søkt om	Tilskot, kr
1	Hyllestad næringsutvikling 2021-2022	Hyllestad kommune	4 000 000	2 000 000	1 639 000
2	Peak Høyanger	Peak Property AS	600 000	300 000	200 000
3	Desentralisert utdanning Voss/Hardanger/Kvinnherad	Næringshagen på Voss	2 400 000	1 200 000	1 200 000
4	Hjelp til vekst, reetablering og nye satsingsområde	Øygarden næringsutvikling Kf	542 000	261 000	261 000
5	Innovative lokale løysingar gjennom designtenking	Aurland kommune	1 250 000	750 000	750 000
6	Felles laboratorium for H2Food	Sitep	300 000	150 000	150 000
7	Fjordkokken/servitøren	Sognefjorden næringshage	900 000	575 000	0
8	Restarte regionalt samarbeid for realistisk heilårsturisme	Sogn næring AS	1 650 000	800 000	800 000
9	Studio Ytre Sogn AS	Avisfjøretaket Ytre Sogn AS	290 000	290 000	0
10	Påbygg	Lavik Kro AS	5 000 000	1 000 000	0
11	Nytt satsingsområde	Sogn kontorsenter AS	123 650	80 000	0
<b>Sum</b>			<b>17 055 650</b>	<b>7 406 000</b>	<b>5 000 000</b>

Vedtakskompetanse: Hovudutval for næring har vedtakskompetanse.

### **Vurderingar og verknader**

Økonomi: Midlane vert dekkja av avsette midlar til nærings- og utviklingsfond.

Klima: Tildelingane i denne saka er i tråd med overordna føringar kring klima.

Folkehelse: Tildelingane i denne saka fremmar arbeid og sysselsetting, som også er viktig i eit folkehelseperspektiv.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): I tråd med overordna føringar i regional planstrategi.

### **Konklusjon**

Det har kome inn 11 søknader om støtte frå nærings- og utviklingsfondet for utsette område. 7 av søknadene tilfredsstillar krava i retningslinene og får støtte frå fondet. 4 søknader får ikkje midlar. Syner elles til vedlegg 1 med omtale av søknader og vurdering av kvar søknad, og til vedlagde søknader.